

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland



Ordliste

Dette er ein oversikt og forklaring på mykje brukte uttrykk og forkortingar.

Arena	Arena-programmet tilbyr finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø. Formålet er å stimulere til økt innovasjon og styrka konkurransekraft basert på samarbeid mellom bedrifter, FoU- og utdanningsmiljø og offentlege utviklingsaktørar. Programmet er eigd av Innovasjon Norge, SIVA og Forskningsrådet med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.
NCE	NCE-programmet rettar seg mot dynamiske næringsklynger som har etablert systematisk samarbeid, og har potensiale for vekst i nasjonale og internasjonale marknader. Klyngene skal ha ein nasjonal posisjon innanfor sine respektive sektorar og teknologiområde. Same eigarskap som Arena, og med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.
GCE	GCE-programmet er retta mot modne klynger som allereie har eit systematisk samarbeid på strategiske områder, både i klynga, men også internasjonalt med FoU-institusjonar og andre relevante partnerar. Bedriftene i klynga skal vera ein del av ei global verdikjede, og det er stort potensiale for vekst i både nasjonale og internasjonale marknader. Same eigarskap som Arena og NCE, og med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.
SFI	Sentre for forskingsdriven innovasjon. Skal styrke innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom FoU-aktive bedrifter, framstående forskingsmiljø og Norges Forskningsråd.
IN	Innovasjon Norge
FoU	Forskning og utvikling
VRI	Verkemidlar for regional FoU og Innovasjon. Leia av Norges Forskningsråd i samarbeid med fylka.
IFU	Industrielle forskings- og utviklingskontraktar er ei tilskotsordning som er administrert av Innovasjon Norge. IFU-kontraktar bidrar til å utvikle konkurransedyktige produkt i ein internasjonalt marknad, og til å utvikle industrielle nettverk og miljø.
OFU	Offentlege forskings- og utviklingskontraktar er ei tilskotsordning som er administrert av Innovasjon Norge. OFU-kontraktar skaper eit forpliktande samarbeid mellom norske leverandørbedrifter og norske offentlege verksemder, som t.d. kommunar, fylkeskommunar, statsetatar, sjukehus og forsvaret.
NFR	Norges Forskningsråd
Horisont 2020	Forsknings- og innovasjonsprogram i regi av EU
FHF	Fiskeri- og havbruksnærings forskningsfond
SIVA	Statsforetak eigd av Nærings- og fiskeridepartementet med fokus på egedomsinvestering, innovasjon og næringsutvikling. Lokalisert i Trondheim.
INTERREG	INTERREG er EU sitt program for å fremja sosial og økonomisk integrasjon gjennom regionalt samarbeid over landegrensene.
Erasmus+	Erasmus+ er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett for perioden 2014-2020
UiB	Universitetet i Bergen
Ungt Entreprenørskap	Landsomfattande ideell organisasjon som arbeider med entreprenørskap i utdanning, og tilbyr ulike program frå grunnskole til høgare utdanning.
Nærings NM	NHO sin rangering av kommunane basert på nyetableringar og næringslivet si lønsemd, vekst og storleik.
KMD	Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Transnova	Organ etablert av Samferdselsdepartementet med hovudmål å bidra til å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren i Norge.
RFF	Regionalt forskingsfond for Vestlandet er ei satsing som skal styrke utvikling og innovasjon på Vestlandet ved å stø opp under regionalt prioriterte forskningstema. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune er saman om fondet. Fondet lyser ut midlar til forprosjekt og forskingsprosjekt.

Innhold

Ordliste.....	3
Innhold.....	4
Regional omstilling.....	5
Kort om handlingsprogrammet	6
Om resultatmål	6
Prioriteringar knytt til innsatsområda i 2015	7
Hovudstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	8
Hovudstrategi 2: Fleire med relevant kompetanse	9
Hovudstrategi 3: Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter	10
Bransjar med særskilt fokus	11
Regional omstilling	12
Endå betre samarbeid	13
Budsjett for 2015	14

Regional omstilling



Næringsbarometeret for Hordaland i januar 2015 viser at uroa i oljenæringa pregar næringslivet i Hordaland. Fleire oljeselskap har varsla reduserte investeringar dei neste åra, og fleire underleverandørar i petroleumssektoren er under press. Dette får naturleg nok konsekvensar for eit fylke der ein tredel av produksjonen, og kvar femte arbeidsplass er knytt til olje- og gassklynga. Verksemdene ventar lågare etterspurnad frå petroleumsindustrien. I bygg og anlegg og transport og engros ventar nærare 60 prosent lågare ordretilgang frå kundane i petroleumsindustrien. Innanfor bygg og anlegg trur 25 prosent at reduksjonen blir vesentleg. Også i industrien og i finansiell- og forretningsmessig tenesteyting trur nær halvparten av verksemdene at ordretilgangen vil gå ned.

Trass i forventningar om ein magrare økonomi, er det førebels mykje som tyder på at dei som blir overflødige i ein bransje, blir fanga opp av andre bransjar. NAV Hordaland peikar likevel på at vi er inne i ei konjunkturutvikling som vil føre med seg endringar i arbeidsmarknaden. Lågare etterspørsel etter arbeidskraft og aukande arbeidsløyse vil prege utviklinga i 2015. Det vil bli skapt nye arbeidsplassar også i år, men fortsatt auka innvandring vil, i tillegg til den generelle marknadsutviklinga, føre til fleire netto ledige. Behovet for arbeidskraft aukar, men arbeidsstyrken veks meir enn dette.

Næringslivet i Hordaland er internasjonalt retta og har lang erfaring med å omstilla seg etter svingingar i marknaden og konjunkturendringar ute i verda. Som eit resultat av dette har vi bedrifter som er i forkant av utviklinga, og evner å skape konkurransefortrinn ved å sjå nye moglegheiter. Dette blir bekrefte i Næringsbarometeret, som viser at næringslivet i Hordaland allereie har tatt grep for å møte eit auka behov for omstilling. Motbakken blir dermed ikkje så omfattande som enkelte spådomar kan tyde på, sjølv om omstillingsprosessen er eit lite varsel på kva vi har i vente når oljeinntektene etter kvart gradvis blir fasa ut av økonomien vår.

Forskning frå NHH viser at mange verksemdar vel å nytte ledige kapasiteten til å investere i organisasjonen og dei tilsette – anten gjennom opplæringspakkar eller ved å gjere organisatoriske endringar. Same studie viser at investeringar i forskning og utvikling og fysiske investeringar fall i same periode. Hordaland fylkeskommune ynskjer å gjera noko med dette, og har i inneverande år mellom anna prioritert tiltak som stimulerer til tettare samarbeid om forskning og innovasjon mellom næringsliv og FoU-institusjonane. Eit anna prioritert innsatsområde er det viktige arbeidet som blir gjort for å sikra ungdommane våre god yrkesutdanning.

Også offentleg sektor er inne i ein omstillingsprosess. I 2015 vil regjeringa leggje fram eit samla forslag om kva oppgåver som kan overførast til større og meir robuste kommunar, og korleis det regionale nivået skal organiserast som fylgje av dette. Begge delar vil verke inn på korleis det regionale verkemiddelapparatet skal organiserast. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåver/sektorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalte nivå styrkjer demokratiet og inneber maktspreiing, og dette er også ein viktig føresetnad for å få til dei omstillingsprosessane som det frå tid til anna er behov for. Som fylkesordfører meiner eg difor at Noreg har behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevalt styring som kan ta eit regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.

Tom-Christer Nilsen
Fylkesordfører

Kort om handlingsprogrammet

Det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet er «Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017», som vart vedtatt av fylkestinget i juni 2013. Den regionale næringsplanen har følgjande visjon:

Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar!

Handlingsprogrammet er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. I tillegg gir det føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med.

Sjølv om handlingsprogrammet er forankra i næringsplanen er ikkje alle tiltaka som er omtalt i næringsplanen tatt med i handlingsprogrammet. Tiltak i næringsplanen som ikkje krev ytterlegare utdjuving i handlingsprogrammet, vil det bli arbeidd vidare med ut frå formuleringane i næringsplanen. Det kan også vere at nokre av dei fokuserte innsatsområda i handlingsprogrammet ikkje er direkte forankra i konkrete formuleringar i næringsplanen, sjølv om dei er viktige i det heilskapelege næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Utgangspunktet er likevel at innsatsområda i handlingsprogrammet samsvarer med hovudstrategiane i næringsplanen. Dei er:

- Hovudstrategi 1:** Meir entreprenørskap og innovasjon
- Hovudstrategi 2:** Fleire med meir relevant kompetanse
- Hovudstrategi 3:** Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

Dei statlege føringane som blir gitt gjennom dei årlege tildelingsbrevane til fylkeskommunen påverkar også virkemiddelbruken knytt til handlingsprogrammet. Desse føringane er innarbeidd i handlingsprogrammet.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet. Dette

vil få innverknad på søknadshandsaming og forvaltning av dei økonomiske verkemidla. Forvaltninga av verkemidla er delt mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge (IN) og dei regionale næringsfonda. Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknadar om støtte til bedrifter blir handsama av IN. Dei regionale næringsfonda handsamar mindre søknader, og søknader av lokal karakter.

Hordaland fylkeskommune har hovudansvaret for «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», men både utarbeidinga og gjennomføringa skjer i nært samarbeid med verksemdar, bransjeorganisasjonar, næringsforeiningar, kommunar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, regionråd og regionale og statlege verkemiddelaktørar.

Handlingsprogrammet for 2015 er utarbeidd av fylkeskommunen med støtte frå ei ressursgruppe satt saman av representantar frå Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga, Business Region Bergen, Maritimt Forum og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum har vore styringsgruppe, trekt opp rammene for arbeidet og handsama utkast til plan i to møte. Dei har også gitt si tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning.

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015 blei handsama av fylkesutvalet 19. februar 2015. Dei gjorde følgjande samrøystes vedtak: Fylkesutvalet vedtek «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015».

Om resultatmål

Hordaland fylkeskommune er opptatt av at verkemiddelbruken skal skape gode effektar og resultat for næringslivet og samarbeidet i regionen. I næringsplanen er det lagt til grunn at det skal utarbeidast årlege resultatmål i handlingsprogrammet. Det er difor lagt inn meir konkrete resultatmål knytt til dei tre hovudstrategiane i handlingsprogrammet. Desse skal danne ein del av grunnlaget for vurdering av resultat og effektar av innsatsen i handlingsprogrammet.

Å finne gode resultatmål for bruk av tilretteleggjande verkemiddel er utfordrande. Resultata kjem gjerne fleire år etter prosjektavslutning, effektar av innsats vert ofte påverka av eksterne forhold (konjunkturar, oljepris m.m.) og det kan vera vanskeleg å sjå målbara resultat. I handlingsprogrammet er det forsøkt å finne resultatmål knytt til

kvart innsatsområde kor det er mogleg å finne indikatorar i tilgjengelege rapportar og i tilgjengeleg statistikk utan å måtte sette i verk eit omfattande arbeid. Det er viktig å helda resultatmåla og indikatorane mest mogleg konstant over planperioden for å kunne få tidseriar som kan indikere ei endring.

Sjølv om verkemiddelaktørane berre har eitt års erfaring med det nye handlingsprogrammet, tek Hordaland fylkeskommune likevel sikte på å gjera ei vurdering i høve til resultatmåla i løpet 2015. Som grunnlag for vurderinga er det naturleg å ta utgangspunkt i indikatorane knytt til resultatmåla i handlingsprogrammet. I tillegg vil det vere aktuelt å sjå på indikatorar på regionnivå som ligg til grunn for dei årlege Nærings-NM og Kommune-NM i regi av NHO.

Prioriteringar knytt til innsatsområda i 2015

Hordaland fylkeskommune skal i si prioritering leggje vekt på verkemiddel som har som føremål å utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping i fylket. Innsatsen skal difor særleg spissast mot entreprenørskap og innovasjon, samt næringsretta kompetanse og næringsretta infrastruktur.



Foto: Business Region Bergen

Dei nasjonale forventningane til berekraftig utvikling og verdiskaping med fokus på miljø, økonomi og sosiale tilhøve er forande for næringsplanen og handlingsprogrammet. Dei felles utfordringane som ligg til grunn for regional næringsplan er forande for verkemiddelbruken i Hordaland.

Viktige utfordringar som næringslivet har med flaksehalsar i vegnettet er allereie tungt prioritert i fylkeskommunen sine samferdselsplanar og budsjett, og vert difor ikkje prioritert i handlingsprogrammet. Det same gjeld for utfordringar knytt til kommunalt planarbeid og kommunal arealdisponering. Her har fylkeskommunen meir ei koordinerande rolle i planarbeidet, enn direkte styring gjennom verkemiddelbruken. Prioriteringane og formuleringane i næringsplanen er forande på desse områda, og blir ikkje teke opp att i handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet er strukturert slik at det årleg prioriterer konkrete innsatsområda knytt til kvar av dei tre hovudstrategiane frå næringsplanen. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år. Dette kan føre til at innsatsområda vil få ulik prioritering og vektlegging i planperioden. I tillegg kjem økonomiske og politiske føringar i det årlege tildelingsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som også får innverknad på prioriteringa. Med dette som utgangspunkt, er følgjande utfordringar særleg vektlagt i utarbeidinga av handlingsprogrammet for 2015:

- Fleire selskap i petroleumssektoren har varsla at det vert reduserte investeringar, innsparingar og reduksjon i talet på tilsette dei komande åra. Dette får store ringverknader for næringslivet i Hordaland.
- Det er behov for eit tettare samarbeid om forskning og innovasjon mellom næringslivet og FoU-miljø.
- Næringslivet i Bergensområdet og resten av Hordaland merkar framleis konkurranse om relevant kompetent arbeidskraft. Regionale senter i distrikta må gjerast meir attraktive for å tiltrekke seg arbeidskraft og skape miljø for innovasjon og regional vekst.
- I 2015 vil regjeringa leggje fram eit samla forslag om kva oppgåver som kan overførast til større og meir robuste kommunar, og korleis det regionale nivået skal organiserast som fylgje av dette.

For at Hordaland framleis skal vera i tet når det gjeld samarbeid om næringsutvikling er det også viktig at hovudsatsingsområda i det regionale handlingsprogrammet legg til rette for:

- Godt samarbeid som fremjar kreativitet og framtidretta tiltak og prosjekt
- Større satsingar som vert gjennomførte regionalt og kan medverke til utvikling i ønska retning
- Klårare ansvars- og oppgåvefordeling mellom offentlege verkemiddelaktørar

Hordaland er Norges største eksportfylke og store delar av vårt næringsliv har utstrakt samarbeid med aktørar frå dei fleste land. Nasjonale grenser har mindre å sei enn før, medan kunnskap om språk, kultur og marknadsvilkår blir viktigare. Dersom framtidig sysselsetting og verdiskaping i fylket skal oppretthaldast, må enno fleire små og mellomstore verksemdar vekse over tid i ein internasjonal, konkurranseutsett marknad. Dette inneber at desse verksemdene må ha evne til innovasjon, produktivitetsvekst, marknadsorientering og kommersialisering. Det må arbeidast for auka kompetanse på internasjonal forretningsutvikling, tilgang til internasjonale marknader, tilgang på vekstkapital og tilgang til nettverk og samarbeid som styrkar evna til innovasjon og internasjonalisering. Verksemdar må også sikrast kompetanse som bevarer drift og eigarskap i og ut ifrå Norge, slik at sterke klynger ikkje forvitrar og arbeidsplassane flyttast utanlands. For å få til dette, er det viktig at Hordaland fylkeskommune og andre verkemiddelaktørar, har ein tydeleg internasjonal dimensjon i arbeidet med næringsutvikling.

Hovudstrategi 1:

Meir entreprenørskap og innovasjon

Entreprenørskap og innovasjon oppstår når kompetanse, nettverk og kapital blir kombinert på nye måtar. Med bakgrunn i utfordringane i dei internasjonale marknadane, entreprenørskap, innovasjon og samarbeid mellom FoU og næringslivet, og med utgangspunkt i våre sterke, vekstkraftige næringsmiljø, peikar det seg ut tre satsingsområde i 2015 i tråd med IN sine delmål:

Fleire gode gründerar: Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase. I tillegg er det eit mål å få eit verkemiddelapparat som enno betre stør opp om berekraftige verksemdar og næringsmiljø.

Fleire vekstkraftige bedrifter: Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemd og

betre konkurransekraft er avgjerande for vekst og sikring av arbeidsplassar i eksisterande verksemdar i fylket. Det er også vikt å sikre verksemdene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.

Fleire innovative næringsmiljø: Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale. Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet og slik realisere eit enno større utbytte hos alle aktørane.

Resultatmål:

- Auke i talet på kandidatar med gjennomført etablerarkurs
- Auke i talet på nyetablerte verksemdar
- Auke i talet på gaselleverksemdar
- Auka talet på forskings- og klyngeutviklingsprogram (t.d. innan ARENA, NCE, GCE, SFI-programma)

Gjennom arbeidsinnsats og verkemiddelbruk skal fylkeskommunen medverke til auka innsats på desse innsatsområda:

Innsatsområder i 2015

Finansiering, direkte bedriftsstøtte:

- Auka talet på nystarta verksemdar med vekstpotensial, mellom anna ved bruk av etablerartilskot.
- Vekst i eksisterande bedrifter gjennom målretta bruk av tilskot og lån.
- Auka fokus på forskingsbasert innovasjon i bedriftene, mellom anna ved bruk av VRI, ved IFU/OFU, RFF og NFR sine program for brukarstyrt forskning og mobilisering til Horisont 2020.
- Arbeide får å sikre nye idear og nye bedrifter kompetent og langsiktig kapital slik at fleire kjem gjennom oppstartsfasen og over i ein vekstfase.

Tilretteleggjande tiltak for etablerarar:

- Styrke kommunane si førstelinje slik at gründerar og samfunnsentreprenørar får betre hjelp og rettleiing for å finna fram i verkemiddelapparatet og kommunale tenester.
- Bidra til ei klar rolle- og oppgåvefordeling mellom aktørane i den såkalla andrelinja, særleg knytt til rettleiing og opplæring av etablerarar.
- Auka satsing på berekraftig samfunnsentreprenørskap.
- Vidareføre satsinga på nettstaden www.kom-an.no

Profilering og internasjonalisering:

- Realisere bedriftene sitt internasjonale potensiale mellom anna gjennom bruk av IN sine utekontor og fylkeskommunen sitt internasjonale nettverk.
- Auka fokus på fleire «tyngre» næringsetableringar i heile fylket, mellom anna ved auka bruk av IN sitt verkty «Invest In Norway».
- Arbeide for å utløysa verkemidlar frå nasjonale virkemiddelaktørar (NFR, FHF, SIVA, IN o.a.) og europeiske utviklingsprogram (INTERREG, HORIZON 2020, EØS-fonda, o.a.)
- Stimulere til auka internasjonalt, næringsretta samkvem og erfaringsutveksling gjennom Livslang Lærings-programmet ERASMUS+.

Nettverk:

- Bidra til nyskaping og vidareutvikling av kompetansebaserte, regionale næringsmiljø gjennom inkubator- og næringshageprogramma i regi av SIVA.
- Stimulere aktivitet knytt til kompetanseutvikling og prosjekt i etablerte klynger (t.d. ARENA, NCE, GCE, SFI)
- Bidra til å utvikle nye klynger.
- Legge til rette for samarbeid mellom FoU-miljøa og næringslivet, mellom anna ved aktiv bruk av ordninga «Verkemidlar for regional innovasjon», VRI.
- Legge til rette for samarbeid mellom bransjar og sektorar, og auka klynge til klynge samarbeid. Det vil være eit særskilt fokus på opne innovasjonsprosessar.
- Legge til rette for auka kompetanseoverføring og samhandling mellom FoU-miljøa og dei sterke næringsklyngene i fylket

Hovudstrategi 2:

Fleire med relevant kompetanse

Med utgangspunkt i utfordringar og mål i næringsplanen og dei tilbakemeldingane som kjem frå næringslivet, er det peika ut tre innsatsområde som skal bidra til å redusere problema med stor mangel på kvalifisert arbeidskraft i fylket.

Utdanning: Satse på å vidareutvikle fleksible utdanningsmodellar med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring. Føremålet er at fleire elevar skal kome seg gjennom vidaregåande skule og ende opp med fagbrev, med totalt sett høgare kvalitet på utdanninga enn i dag.

Samarbeid med næringslivet: Hordaland fylkeskommune skal bidra meir aktivt til at informasjon om tilgjengelege læreplassar, og framtidige arbeidsplassar, vert gjort kjent for søkjarane. Dette må gjerast i samarbeid med partane i næringslivet.

Hordaland fylkeskommune har òg eit stort ansvar for å sikre at det er god samanheng mellom næringslivet sine behov og talet på plassar på dei ulike studieprogramma.

Rekruttering: Offentlege myndigheiter i samarbeid med private må leggja betre til rette for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft. Føremålet er å forenkle, forbetre, samordne og tilpasse offentleg tilbod slik at utanlandsk arbeidskraft lettare kan bu og arbeide i Hordaland.

Resultatmål:

- Auke talet på personar som tek fagbrev, med særskilt fokus på etterspurte fagutdanningar
- Auke talet på godkjente lærebedrifter, særleg innan fagområder som er etterspurt av næringslivet
- Etablering av nye næringsretta studietilbod innan høgare utdanning
- Auke talet på personar med doktorgrad i næringslivet

Gjennom arbeidsinnsats og virkemiddelbruk skal fylkeskommunen medverke til auka innsats på desse innsatsområda:

Innsatsområder i 2015

Opplæring:

- Bidra til gode koplingar mellom næringsliv og skule for å auke kvaliteten i undervisninga, slik at elevane vel utdanningar dei er motivert til å gjennomføre, og som næringslivet etterspør.
- Legge til rette for næringsaktørar som vil samarbeide med grunnskule og vidaregåande opplæring.
- Gjere det tidleg attraktivt å starte eiga bedrift gjennom å stimulera til auka innsats frå næringslivet i Ungt Entreprenørskap og andre næringsretta utviklingsaktivitetar i vidaregåande opplæring.
- Stimulere bedriftene til å utnytte den auka fleksibiliteten til Fagskulane i Hordaland, slik at desse kan verte tilbydd etter behov i heile fylket.
- Leggje til rette for vaksenopplæring ut frå behova til vaksne og arbeids- og næringslivet.
- Leggje til rette for kompetanseheving og samhandling mellom offentleg sektor og næringsliv
- Krevje at tilbydarane skal vere godkjente lærebedrifter ved utlysning av fylkeskommunale tilbod/andbod.
- For kontraktar av ein viss storleik må det inngå at bedriftene også må ha lærlingar.

Høgare utdanning:

- Stimulere til eit betre samspel mellom Hordaland sine sterke universitets- og forskingsmiljø og regionalt næringsliv, med sikte på å utvikle det næringsretta studietilbodet og auke samspelet mellom teoretisk og praktisk opplæring.
- Få i gang fleire teknologisk retta studietilbod på mastergradsnivå (siv.ing.), og som er etterspurt av næringslivet til dømes i maritim sektor.

Internasjonalt samarbeid og rekruttering:

- Vidareutvikle og gjere tilgjengeleg kompetanse som bedriftene kan bruka til å utforma søknader om EU-midlar til regional utvikling og næringsutvikling.
- Medverke til etablering av koordineringsforum og mobiliseringsteam opp mot INTERREG og Horisont 2020.
- Forbetra og samordne det internasjonale skuletilbodet i regionen.

Hovudstrategi 3: Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter

Ein velfungerande Bergensregion er avhengig av betre trafikale forhold både til nærliggjande kommunar, og til resten av Vestlandet. Det er også dokumentert at regionen manglar tilrettelagde næringsareal for vidare utvikling av næringslivet. Det er viktig at kommunane planlegg for framtidssretta næringsareal på ein berekraftig måte på tvers av kommunegrensene. Ei positiv utvikling innan samferdsle og næringsareal vil gje regionen meir effektiv tilgjenge til nasjonale og internasjonale marknader og auka attraksjon i desse marknadane. I dei komande åra er det venta stor vekst, særleg langs kysten av Hordaland, og dette krev god planlegging. Dette gir viktige føringar for prioriterte tiltak i handlingsprogrammet 2015.

Sentral vekst: Framtidig vekst vil stort sett komme i og omkring Bergen, samt i og omkring knutepunkt og regionsentera i regionane. Dei sysselsettingsintensive næringane, som ofte er kompetansearbeidsplassar, bør liggje i konsentrerte delar av by- og tettstadsstrukturane i regionen for å få ein god samanheng mellom bu- og arbeidsområde. Dei arealkrevjande arbeidsplassane bør etablerast på stader som ligg langs hovudinnfartsårene, og ikkje langt frå regionsentera/knutepunkta.

Attraktive regionsenter: Å utvikle attraktive regionsenter vil vere ein sentral del av ein politikk for balansert regional næringsutvikling i Hordaland. Skal eit regionsenter i distrikta trekke til seg verksemdar og kompetansearbeidskraft, er større fagmiljø og eit mangfald av arbeidsgjevarar ein viktig

føresetnad. Eit slikt regionalt senter skal også fungere som ein vekstimpuls for ein større region. Det er difor viktig å ha fokus på heile bu- og arbeidsmarknadsregionen.

Resultatmål:

- Få alle regionar i fylket inn blant dei 50% beste regionane i NHO sitt Nærings NM
- Auke næringsarealreserven i fylket



Foto: Business Region Bergen

Gjennom arbeidsinnsats og verkemiddelbruk skal fylkeskommunen og våre verkemiddel medverke til auka innsats på desse innsatsområda:

Innsatsområde i 2015

Bergensregionen:

- Halde fokus på næringslivet sine areal- og transport behov som ein viktig premis i areal- og transportplanlegginga for Bergensområdet.
- Bidra til å dokumentere næringslivet sine behov for ulike typar areal i ulike delar av regionen.
- Fylgje opp samarbeidet med BRB med særskilt fokus på mogleg framtidig felles kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen.

Regionale sentra:

- Styrke dei regionale sentra i distrikta, mellom anna ved sterkare konsentrasjon av næringsretta verkemiddel.
- Medverke til at fleire regionale senter blir med i KMD sitt nye utviklingsprogram for små og mellomstore byar og byregionar.

Andre innsatsområde:

- Bidra til samspel mellom kommune, region og stat for å få ei positiv utvikling i kommunane.
- Auka satsing på berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og miljøvenleg transport.

Bransjar med særskilt fokus

Hovudstrategiane i næringsplanen er i utgangspunktet meint å vere sektoruavhengige og skal med det gjelde for alle sektorar. For at Hordaland skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det likevel viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus.

Konsekvensen av dette er at handlingsprogrammet framleis vil ha eit fokus på viktige næringar som energi, maritim, marin og reiseliv. Alle desse næringane har spesielle fortrinn i Hordaland, og dei har også stort potensiale for vekst og internasjonal utvikling. I tillegg vil landbruk, som ei viktig distriktsnæring, og media- og kulturbasert næringsliv, som har stor innovativ kraft, vera næringar med særskilt fokus.

I 2015 vil det bli fokus på desse bransjeretta innsatsområda i tillegg til dei som går fram av hovudstrategiane.



Foto: Business Region Bergen

Innsatsområde i 2015

Energi:

- Auka fokus på miljøvenlege og energieffektive løysingar mellom anna ved bruk av miljøteknologiordninga til IN og Transnova.
- Arbeide for auka konkurransekraft i leverandørindustrien, særleg knytt til gjennomføring av større feltutbyggingar og -opprustingar.

Maritime næringar:

- Arbeide for å bli eit føregangsfylke innan «clean shipping» gjennom målretta miljøtiltak.

Marin sektor:

- Stimulere til ein berekraftig marin sektor i hele verdikjeda, med særleg fokus på lakselus og rømming.
- Sikre næringa tilstrekkelig tilgang på sjøareal for vidare berekraftig vekst og utvikling.

Reiseliv:

- Leggje til rette for destinasjonsutvikling, produktutvikling og marknadsføring i tråd med Reiselivsstrategi for Hordaland 2010-2015.
- Leggje til rette for samhandling og organisering i ein sterkare og meir robust organisasjonsmodell.

Landbruk:

- Følgje opp Regional matstrategi med tiltak for auka lokal matproduksjon, særleg i relasjon til kultursektoren, marin sektor og opplevingsbasert reiseliv.
- Stimulere til auke i produksjon av mjølk og kjøtt i Hordaland, samt utvikling i verdikjeda for frukt (jfr Regionalt bygdeutviklingsprogram/Landbruksmelding)
- Medverke til tiltak som aukar berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog, samt bidreg til ei auking i bearbeiding og bruk av trevirke i fylket.

Medie- og kulturbasert næringsliv:

- Utvikle spillutviklingsmiljøet i Hordaland.
- Følgje opp og aktivt bidra til realisering av MediaByBergen.

Regional omstilling

Hordaland fylkeskommune får årleg skjønnskildelt midlar over statsbudsjettet til omstilling. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunen om særlege omstillingsbehov i regionar og lokalsamfunn. Både kortsiktige og langsiktige omstillingsbehov er vurdert. Omstillingsmidlane er ikkje øyremerkte til formålet, og kan omprioriterast dersom fylkeskommunen ser behov for det. For inneverande år er det særleg uroa i oljenæringa som vil prega næringsliv og kommunar i Hordaland.

Næringsliv: Fleire oljeselskap har varsla reduserte investeringar dei neste åra, og fleire underleverandørar i petroleumssektoren er under press. I Hordaland har ein allereie begynt å sjå konsekvensane av dette, mellom anna gjennom fleire saker etter «Lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova)». Fleire av oppseiingane

og innsparingane i oljeservicebransjen er delvis grunngeve med høgt kostnadsnivå i Noreg samanlikna med andre land, og dei siste åra har det også vore ein aukande tendens til utflagging av verksemdar for å spara kostnader. Delar av næringslivet signaliserer også at eksisterande permitteringsregelverk resulterer i at enkelte arbeidsgivarar seier opp tilsette i staden for å permittera når aktiviteten går ned.

Kommunar: I fylgje Telemarksforskning er fleire kommunar i Hordaland i den mest sårbare gruppa av norske kommunar. Endringane innan offshore- og oljeservicebransjen vil truleg forsterka sårbarheita i nokre av desse kommunane. Særleg kystkommunar vil bli påverka av konjunkturedgangen i desse bransjane, men nærleik til ein større og meir dynamisk og diversifisert bu- og arbeidsmarknadsregion vil truleg dempa dei negative effektane for kommunane som ligg nær Bergen.

Innsatsområde 2015

Regional omstilling:

- Ved hjelp av regionale næringsfond bidra til auka satsing på bedriftsretta tiltak som prioriterer entreprenørskap og innovasjon samt kvalifisering av bedrifter til auka forskning og utvikling.
- Fylgja opp regionar og kommunar i fylket som har særskilte utfordringar knytt til næringsliv, sysselsetting og folketal.



Endå betre samarbeid

I gjennomføringa av næringsplanen med tilhøyrande handlingsprogram samarbeider fylkeskommunen tett med fleire aktørar. Fylkeskommunen medverkar også aktivt til å vidareutvikle etablerte samarbeidsarenaer, og utvikle nye. I næringsplanen er det slått fast at alle aktørane som deltar aktivt i gjennomføring av næringsplanen og handlingprogrammet, har eit særskilt ansvar for å tenkje nytt om korleis ein samarbeider, og kven ein samarbeider med. Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for å skape arenaer kor alle som deltar i gjennomføringa av programmet kan lære av kvarandre. Det skal vidare vere fokus på:

- Å tenkje større, tematisk, geografisk og i tid
- Å arbeide for ei klårare arbeidsdeling mellom ulike aktørar.

Den viktigaste samarbeidsarenaen er Regionalt næringsforum (RNF). Dialogen og samarbeidet mellom partnarane i RNF skal bidra til samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland. Måla skal nåast ved utvikling av ei mest

mogleg koordinert og effektiv forvaltning av dei offentlege ressursane retta mot næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland. RNF har også ein rådgjevande funksjon overfor politiske organ med ansvar for næringsutvikling, òg skal i tillegg ta initiativ til tiltak for å sikre ei god og treffsikker iverksetting av handlingprogrammet. Fylkeskommunen har i fleire år også støtta ulike regionale næringsretta utviklingsaktørar som har blitt vurdert som strategisk viktige for næringsutviklingsarbeidet i fylket. Desse aktørane har samarbeidsavtaler med fylkeskommunen om mellom anna å medverke til å gjennomføre mål og strategiar i næringsplanen, og prioriterte innsatsområde i handlingprogrammet. Til saman mottar desse aktørane meir enn 20 millionar kroner i støtte frå fylkeskommunen i 2015. Støtte blir dels gitt over budsjettposten «Næringsretta partnarskapsmidlar» i fylkeskommunen sitt eige budsjett, og dels over budsjettet knytt til dette handlingprogrammet. Fylkesutvalet gjorde 29. januar 2015 vedtak om at fylgjande aktørar skal støttast i 2015 og vidare framover:

Næringsretta utviklingsaktørar med støtte over budsjettposten «Næringsretta partnarskapsmidlar»:

- Fjord Norge med totalt 3 000 000 for 2015
- Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 650 000 for 2015
- Fellestenester reiseliv med kr 800 000 pr. år for åra 2015 til 2017
- Regionale tiltakskontor med kr 875 000 for 2015
- Fiskeriforum Vest med kr 310 000 pr. år for 2014 og 2015
- Bergen Vitensenter AS med kr 3 550 000 pr. år for åra 2015 til 2017
- HOG Energi med kr 850 000 pr. år for åra 2015 til 2017
- Business Region Bergen med 3 978 000 kroner for åra 2015 til 2018
- Western Norway Film Commissjon med kr 500 000 for 2015
- Filmfondet FUZZ med kr 650 000 for 2015
- Impact HUB Bergen med kr 570 000 pr. år for åra 2015 til 2017
- Nordiske Mediedager med kr 250 000 for 2015

Næringsretta utviklingsaktørar med støtte frå «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland»

- NCE Subsea med kr 550 000 pr. år for åra 2013 til 2016
- NCE Tourism Fjord Norway med kr 350 000 pr. år for åra 2013 til 2016
- NCE Media med kr 350 000 pr. år for åra 2015 og 2016
- NCE Maritime CleanTech med kr 350 000 pr. år for åra 2015 og 2016
- Atheno med kr 1 300 000 pr. år for åra 2014 og 2015
- Industriutvikling Vest med kr 700 000 pr. år for åra 2014 og 2015
- Nyskapingsparken Inkubator med kr 900 000 for 2014 til 2016
- UPTIME Centre of Competence med kr 300 000 pr. år for åra 2015 og 2016
- Nordhordland næringshage med kr 300 000 pr. år for åra 2015 til 2017
- Gulen og Masfjorden næringshagane med kr 150 000 pr. år for åra 2013 til 2015
- Næringshagen på Voss med kr 300 000 pr. år for åra 2013 til 2015
- Connect Vest med kr 540 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
- Ungt Entreprenørskap Hordaland med kr 400 000 pr. år for åra 2014 til 2016
- Maritimt Forum Bergensregionen med kr 500 000 pr. år for 2014 og 2015
- Design Region Bergen med kr 500 000 pr. år for 2014 og 2015
- Fiskeriforum Vest med kr 190 000 pr. år for åra 2014 til 2015
- Mediaregion Bergen med kr 500 000 for 2015, kr 450 000 for 2016 og kr 350 000 for 2017

All støtte for 2016 og 2017 under begge budsjettpostane kan bli justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen, og/eller som følgje av endra nasjonale rammes og tildeling til regional utvikling i fylkeskommunane.

Budsjett for 2015

Nedanfor følger forklarande kommentarar til dei ulike budsjettpostane. Sjølv budsjettet er vist på neste side. For samanlikning er budsjett frå 2014 tatt med. Reduksjon i dei statlege rammene gjer at det er kutt innfor nokre av budsjettområda.

A. Bedriftsretta verkemidlar

Fylkeskommunen overfører til Innovasjon Norge eit årleg beløp som er øyremerka bedriftsretta tiltak. Midlane går til einskildbedrifter og etablerarar som lån og ulike former for økonomisk støtte. I oppdragsbrevet frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge blir krav og forventingar nærare kommentert.

B. Tilrettelegging for næringsutvikling

Verkemidlane som er lagt inn under denne hovudposten (B-1 til B-5), rettar seg mot dei sentrale utfordringane i handlingsprogrammet, og har som siktemål å realisera dei prioriterte innsatsområda gjennom tilskotsordningar. Dei klimarettete tiltaka skal primært vere knytt til innsatsområda i HNH eller til næringsretta tiltak i klimaplanen sitt handlingsprogram.

I posten B-6 er det også sett av midlar til VRI i tråd med føringa i fylkeskommunen sitt budsjett. Vidare har fylkeskommunen ein partnerskapsavtale om forsterka entreprenørskapssatsing hos IN kor fylkeskommunen finansierer ein ekstra stillingsressurs til dette.

I sitt møte 29.01.2015 vedtok fylkesutvalet å nytte 8,19 millionar kroner av HNH-budsjettet for 2015 til vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar. Denne summen er ført på B-7. Ei liste over dei som mottar støtte både over HNH budsjettet og over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» er tatt med i avsnittet Endå betre samarbeid.

C. Regionale næringsfond

Sjølv om dei statlege øyremerka midlane til regionale/kommunale næringsfond blei tatt bort i 2014 blei det vurdert som for drastisk å kutte løyvingane heilt for 2014. I staden blei det valt ei løysing kor 4 millionar kroner av øyremerka midlar til omstilling blei overført til regionale næringsfond.

Ein viktig del av aktiviteten til fleire av dei regionale næringsfonda har vore å støtte etablerarar og ny næringsverksemd. Sjølv om det ofte ikkje er snakk om så store summar er det viktige midlar for dei som mottar slik støtte. Dette er også i tråd med ein av hovudstrategiane i næringsplanen om meir entreprenørskap. Det må også vurderast om noko av midlane skal kunne nyttast til småprosjekt med stor regional verdi. Etablerarstøtte må også avgrensast i høve til IN sin utvida satsing på etablerarar. Endeleg fordeling av desse midlane skjer som eiga sak til fylkesutvalet.



Foto: Business Region Bergen

D. Omstilling og nyskaping

Tiltaksområdet «Omstilling og nyskaping» er eit verkemiddel som skal nyttast til tiltak i område som står ovanfor omfattande utfordringar knytt til sysselsetting og omstilling i næringslivet. Sårbare område (kommunar eller regionar) vil vere område med store hjørnesteinsbedrifter, stort innslag av konjunkturavhengige bransjar eller næringsliv prega av omfattande omstrukturering. Utfordringane i petroleumssektoren gjer at det vil bli lagt ekstra vekt på konjunkturavhengige bransjar. Endeleg fordeling av desse midlane på ulike prosjekt og tiltak skjer som eigen sak til fylkesutvalet.

E. Forvaltning

Det er sett av 1,2 millionar kroner til dette føremålet i 2015.

Budsjett for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015 (HNH-budsjett 2015)

Hovudpost	Delpost	Budsjett 2014	Budsjett 2015
A: Bedriftsretta virkemidlar	A-1: Frie søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge	30 000 000	28 000 000
	Sum bedriftsretta midlar	30 000 000	28 000 000
B: Tilrettelegging for næringsutvikling, inkl. øymerkte midlar	Søkbare midlar/Tilskottsordningar		
	B-1 Hovudstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	5 020 000	5 000 000
	B-2 Hovudstrategi 2: Relevant kompetanse	5 000 000	4 156 000
	B-3 Hovudstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	4 000 000	4 000 000
	B-4: Bransjeretta tiltak,	3 000 000	3 000 000
	B-5: Klimaretta tiltak:	2 000 000	2 000 000
	Sum søkbare midlar/Tilskottsordningar (B-1 – B-5)	19 020 000	18 156 000
	B-6 Øymerkte midlar til program		
	- VRI programmet	850 000	850 000
	- Entreprenørskapssatsing IN.	900 000	900 000
	Sum øymerkte midlar til program (B-6)	1 750 000	1 750 000
	B-7 Øymerkte midlar til samarbeidsaktørar	8 190 000	8 180 000
Sum Tilrettelegging for næringsutvikling	28 960 000	28 086 000	
C. Regionale næringsfond	Avsette midlar som fordelast gjennom eige vedtak i fylkesutvalet	4 000 000	2 000 000
D: Omstilling og nyskaping	Avsette midlar som fordelast gjennom eige vedtak i fylkesutvalet	2 000 000	3 000 000
E: Forvaltning	Delvis dekking av forvaltingskostnader hos Hordaland fylkeskommune	1 200 000	1 200 000
SUM	TOTAL RAMME	66 160 000	62 286 000

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

www.hordaland.no

April 2015